



Årsplan 2026 - 2027

HELLAND BARNEHAGE

- ein barnehage til barnet sitt beste



Vestnes kommune

Vestnes kommune er både barnehageeigar og barnehagemyndigheit. Som barnehageeigar er kommunen ansvarleg for drifta i dei kommunale barnehagane. Dette ansvaret er det styrar/einingsleiar i dei kommunale barnehagane som følgjer opp.

Samfunnsplan

I Vestnes kommune sin samfunnsplan for 2024 – 2036, Vestnes – midt i blinken!, legg ein vekt på å skape eit inkluderande og berekraftig samfunn der barn og unge får gode oppvekstvilkår. Barnehagane spelar ei sentral rolle i dette arbeidet ved å vere trygge og utviklande arenaer for lek, læring og sosial utvikling.

Planen understrekar behovet for tverrfagleg samarbeid mellom barnehagar, skular og helse- og sosialtenester for å sikre tidleg innsats og god oppfølging av barn og familiar. Det vert og lagt vekt på å styrke barnehagane si rolle i folkehelsearbeidet, med fokus på fysisk aktivitet, sunne kostvanar og psykisk helse.

Barnehagen sitt styringsdokument

Barnehagelova regulerar barnehagen sin verksamheit. Barnehagen bygger på verdigrunnlaget som er fastsatt i barnehagelova og rammeplanen som er ei forskrift til barnehagelova, og internasjonale konvensjoner som Norge har slutta seg til som barnekonvensjonen og ILO- konvensjonen.

Årsplan 26/27 er fastsatt i SU, 20.05.26.





Vår visjon:
- ein barnehage til barnet sitt beste

Helland barnehage ønskjer å vere med på å gi barna ein god barndom. Barnehagen skal vere ein trygg og god stad, der barn skal få støtte til å meistre motgang og handtere utfordringar. Vi ønskjer å gi tid og rom for leiken, og gjennom den legge til rette for utvikling av vennskap.

Barna skal møte omsorgsfulle og tydelege vaksne, som er tilstades for barna og som alltid søker ei forståing for barneperspektivet.

Helland barnehage består av 8 avdelingar, og godkjent for 174 plassar fordelt på to bygg. Barnehagen er fint plassert i sentrum av Vestnes, med t.d. bibliotek og kort veg til skole og fjære.



Nedre

Havhesten (vakant 26/27)
Sjøstjerna (storbarn)
Kråkeballen (småbarn)
Blekkspruten (småbarn)



Øvre

Kanutten og Maurtua (storbarn)
Knerten og Nøtteliten (småbarn)



VERDIGRUNNLAGET TIL BARNEHAGEN

Vi skal fremje verdiar i alle situasjonar i barnehagen.

Dette gjer vi ved å:

Anerkjenne leiken som ein viktig del av livet til barna både som eigenverdi, og som grunnlag for læring og allsidig utvikling. Gi barna inspirasjon til felles leik, organisere det fysiske rommet slik at det inspirer til ulike leikeformer. Vere aktive vaksne som observere og går aktivt inn i leiken der det er behov.

Legge til rette for at barn får utvikle vennskap og varige positive relasjonar, støtte barna i utvikling av sosial kompetanse.

Legge til rette for at barna får ta del i eit meningsfylt fellesskap som er prega av anerkjenning for deira ytringar. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Vi har fokus på inkluderande fellesskap som er tilrettelagt for at alle har tilhøyrse til fellesskapet. Legge til rette for meistringsopplevingar, som styrkar deira tru på egne evner. Personalet må vise barna interesse både med språk og kroppsspråk, og møte spørsmål og undring på ein open måte.

Alle barn skal få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til barnehagen sitt innhald, utifrå eigen ståstad uavhengig av kommunikasjonsevne og språklege ferdigheiter.

Personalet tek utgangspunkt i barna sine innspel, interesser og uttrykk, og bruker desse inn i ulike tema gjennom året.



Synleggjere mangfald i verdiar, religion og livssyn i møte mellom ulike kulturar i samarbeid med føresette. Barnehagen er open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda. Vi vil ta del i kulturen i nærmiljøet gjennom møte med institusjonar, t.d. besøk i sansehagen, Lucia og 17. mai tog.

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.



Få naturopplevingar og bli kjent med mangfaldet i naturen og oppleve tilhøyrse til naturen gjennom uteaktivitar. Lære om kretsløpet i naturen, t.d. i kjøkkenhagen. Ha fokus på gjenbruk og gjenvinning.

Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Kvart barn skal møtast med anerkjenning for sine særskilde føresetnadar. Barnehagen skal førebyggje krenking og mobbing

Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Barnehagen vil stimulere den motoriske utviklinga til barna, og utvikle matglede og sunne helsevanar (jf. Retningslinjer for mat og måltid ved Helland barnehage). Barnehagen vil arbeide med å legge til rette for sunn seksuell helse for barn, men også kunne avdekke og forebygge omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep.



FAGLEG INNHOLD I BARNEHAGEN

Tema skal settast inn i ein samanheng for å dekke dei ulike fagområda. I tillegg til dette vil avdelingane utarbeide rullerande planar for fast innhald.



Progresjonsplan

Fagområda i Rammeplanen gir føringar for arbeidet, med mål og forventningar. Progresjonsplanen er eit arbeidsverktøy for personale som bygger på desse føringane og tydeleggjer utviklinga frå småbarn til storbarn. Barnehagens arbeidsmetode er tverrfaglege, og barnehagen har tradisjon for å bruke tema- og prosjektarbeid. Vi vil legge til rette for progresjon av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leikar, materialar og utforming av fysisk miljø.

Pedagogisk dokumentasjon

Dokumentasjon er eit viktig element i barnehagen si planlegging og vurderingsarbeid. Grunnlaget for pedagogisk dokumentasjon vert lagt gjennom observasjon, dokumentasjon og refleksjon over eigen praksis, tolking og val. Gjennom deling av forståing og tolking av dokumentasjonen vil tilsette kunne evaluere arbeidet sitt og utvikle kvaliteten. Personale nyttar GLL – metoden. Dette er ein pedagogisk måte å jobbe på som beskriv kva som er gjort, lært og lurt (kva ein bør endre til neste gong). Med utgangspunkt i dette sett vi opp felles mål for dei ulike tema.

Språkutvikling

Vi har som mål å sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler. ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) blir brukt som hjelpemiddel til språkutvikling i barnehagen.

Vi jobber etter språkplan for barnehage og skule i Vestnes kommune. Dette er eit dokument som legg vekt på at barn og unge skal ha ei systematisk opplæring gjennom heile opplæringsløpet. Barnehagen utarbeidar og reviderer årleg beste praksis til dei ulike tema i plana. Språkplana for barnehage er delt inn i desse områda: kvardagssamtalen, leik, høgtlesing, song, rim og regle, klubb for dei eldste barna og alternativ supplerande kommunikasjon. Det vil også vere ei årleg evaluering av plana ilag med skulen, slik at den heile tida vil kunne vere fagleg oppdatert.

Planleggingsdagar

Barnehagane i Vestnes kommune har satt av 5 dagar til planlegging. Planleggingsdagen er tid til samarbeid og fagleg påfyll i personalgruppa. Barnehagen er da stengt, føresette får beskjed i Visma appen seinast tre veke før.



PLAN FOR OVERGANGAR



Plan for tilvenning ved oppstart i barnehagen

Det vert lagt vekt på å få til ein god og trygg overgang frå heim til barnehage med foreldreaktiv tilvenning. Vi sender ut velkomstbrev med informasjon om oppstarten til alle nye føresette med innkalling til foreldremøte om våren. Det vert gjennomført besøk i barnehagen før oppstart for foreldre og barn, og gjort avtale om oppstartssamtale. Her vert fem tilvenningsdagar avtalt. Vi har tatt utgangspunkt i tilvenningsmetoden «liten og ny i barnehagen» utvikla av NTNU Trondheim. For nye barn vil betaling starte frå første oppstartsdato.

Plan for overgang frå småbarn - til storbarnsavdeling

Den siste foreldresamtalen på våren vil både pedagogen frå småbarn og storbarn vere tilstades. I samtalen vert nødvendig informasjon overført mellom avdelingane ilag med føresette, og det vert gitt informasjon om storbarnsavdelinga med omvising om føresette ønskjer det. Det vert gjennomført ei gradvis tilvenning til storbarnsavdelinga før sommarferien for å trygge barna på overgangen.

Plan for overgang barnehage – til skule

Kommunal plan for overgang frå barnehage til skule og Lokal plan for overgang mellom Helland barnehage og Helland skule, legg føringar for overgangen og samarbeidet med Helland skule. Føresette vert informert om innhaldet på avdelingsvis foreldremøte om hausten.

Barnehagen har klubb for dei som går siste året i barnehagen, vi kallar denne Solsikkeklubben. Det vert utarbeida ein felles pedagogisk plan for innhaldet i klubben.

På siste foreldresamtalen vil pedagogen ilag med føresette gå igjennom kva som vil vere viktig informasjon å gi til skulen for at overgangen skal bli best mogleg. Før sommarferien vert føresette invitert til sommarfest med avslutningsseremoni i barnehagen.





Samarbeid med heimen

Vi ønskjer at samarbeidet med heimen skal ha preg av openheit og tillit, slik at det kjem barna til gode.

Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen. På foreldremøte kvar haust vil foreldre kunne diskutere på eiga avdeling evt. saker som dei ønskjer skal bli tatt opp i SU. Det vert også valt ein foreldrerepresentant på kvar avdeling til FAU. Alle foreldra står på val kvart år. FAU har eit eige årshjul for kva dei har ansvar for og mandat til i barnehagen, og skal fremme interessene som er felles for foreldra. Det vert valt leiar og nestleiar i FAU, som også sit som foreldrerepresentantar i SU. SU er eit lovbestemt utval og er eit rådgivande, kontakt- skapande og samordnande organ. Saker som t.d. fastsette årsplan for nytt barnehageår.

Barnehagen har ei årleg foreldreundersøking i januar. Resultatet i undersøkinga blir gjennomgått i personalgruppa og SU.

Føresette har ansvaret for barnet når føresette er tilstades i barnehagen. Er ein i tvil i enkelt-tilfelle er det viktig med god kommunikasjon og avklaring med personale på avdelinga.

Barnehagen brukar Visma «min barnehage foresatt» appen for kommunikasjon mellom føresette og barnehage. I appen kan føresette ta imot og sende meldingar, fellesbeskedar, registrere fråvær, motta dagbok med tekst og bilde av pedagogiske aktivitetar, oversikt over soveliste for eige barn, gje eller avslå samtykke.

Meir informasjon i «inforasjonshefte til foreldre 2026 – 2027».



